



### **Godtgjersle for privat skoleskys**

Fylkeskommunen nyttar Helfo sine satsar for transport i samband med behandling. Køyregodtgjersla må innrapporterast som løn til likningsmyndigheitene, men refusjon som er innafor satsane for køyregodtgjering er skattefri.

Ved godtgjersle over Helfo sine satsar, vil delen som overstiger satsane bli rekna som honorar og vil vere skattepliktig. Skattetrekk inntreff oftast ved korte køyreavstandar godtgjort med ein fast minstesats pr.tur.

Helfo sine satsar:	Bil	kr 2,50 pr. km.
	Passasjer	kr 0,45 pr. km. for kvar ekstra passasjer utover ein
	Utlegg	Bompengar, ferje m.m. (skal vere dokumentert)
	Minstesats:	Kr 75 pr. tur

### **Utbetaling og skatt**

Skyssutøvarar som mottek køyregodtgjersle blir registrert og får utbetalinga via Hordaland fylkeskommune sitt lønssystem. For dei som blir pålagt skattetrekk, blir skattekort henta inn elektronisk.